



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2013 - 19/27353

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
11.09.2019

## Svar på spørsmål knytt til delegeringsreglement og praksis i dispensasjonssaker - gbnr 188/66 Gjervik ytre

Viser til brev frå dykk datert 30.08.2019 der det ber om svar på spørsmål som gjeld forholdet mellom delegeringsreglement, reguleringsføresegn og praksis for handsaming av dispensasjonssaker i kommunen. Frist for tilbakemelding var 10.09.2019. Vi beklagar at svaret vårt kjem etter fristen.

I Lindås kommune sitt delegeringsreglement så har administrasjonen delegert fullmakt til å handsame dispensasjonar frå reguleringsplanar, det gjeld både i saker der det vert gjeve dispensasjon og der dispensasjonen vert avslått. Unntaket gjeld for prinsipielle saker. Det å følgja reguleringsplanen og ikkje gje dispensasjon, vert ikkje vurdert som prinsipielt.

Når det gjeld klagesaker er delegeringsreglementet til Lindås kommune slik at hovudregelen er at alle klagesaker etter plan- og bygningslova skal handsamast av Plan- og miljøutvalet, med mindre administrasjonen tek klagen til følgje og gjer om sitt eige vedtak.

I områdeplanen for Knarvik sentrum planid. 1263-201002 er det tatt inn i føresegn 2.3.3 at «*Rådmannen har delegert vedtakskompetanse til å avgjere søknader som er i samsvar med plan- og bygningslova, men som ikkje er av prinsipiell karakter. Delegeringa omfattar også kompetanse til å handsame eventuelle klager.*»

Det er administrasjonen si vurdering at denne gjeld framfor delegeringsreglementet, då denne føresegna særskilt er lagt inn i områdeplanen og planen er vedtatt av kommunestyret som og er det organet som delegerer mynde. Klager på enkeltvedtak som gjeld saker innanfor områdeplanen for Knarvik er vurdert av administrasjonen i forhold til eventuell omgjerjing/ending som følgje av klagen og deretter sendt direkte til Fylkesmannen som endeleg klageinstans.

For andre dispensasjonssaker frå reguleringsplanar, så kjem dei som hovudregel først opp til politisk handsaming ved klage. Det vil vere der søknaden er av prinsipiell karakter i forhold til den vedtekte politikken i planane, og der administrasjonen finn at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt, at søknad om dispensasjon frå ein reguleringsplan går til politisk handsaming.

Med helsing



Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Advokatfirmaet Hammervoll Pind  
AS

Postboks 6613 St 0129  
Olavs plass

OSLO

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2 6863

LEIKANGER